



Møteprotokoll

Utvalg: AU i verneområdestyret for SVR
Møtested: Teams
Dato: 07.04.2022
Tidspunkt: 08:00
Møtegodtgjørelse: 2 timer

Følgende faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon
Jonny Liland	Leder
Inger Lise Lund Stulien	Medlem
Gerd Helen Bø	Medlem
Steinar Kyrvestad	Medlem

Følgende medlemmer hadde meldt forfall:

Bjørn Laugaland	Nestleder
-----------------	-----------

Følgende varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for
Ingen	Bjørn Laugaland

Fra administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Alf Odden	Verneområdeforvalter
Jørn Haug	Verneområdeforvalter
Guro Sødergren	Verneområdeforvalter

Underskrift:

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

Jonny Liland

Steinar Kyrvestad

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold
AU 14/22	Godkjenning av innkalling og saksliste
AU 15/22	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar
AU 16/22	Orienteringssaker
AU 17/22	Søknad om bygging av plattung ved hytte gnr. 48, bnr. 4 Gjuvasslega. Oddmund Haugen. Valle kommune.
AU 18/22	Søknad om bruk av snøscooter til frakt av ved og lavvu. Gnr. 70, bnr. 4. Arne Holskog. Valle kommune
AU 19/22	Søknad om preparering av skiløype mellom Bortelid og Pytten. Bortelid Fjellpark AS. Åseral og Bygland kommune.
AU 20/22	Eventuelt.

AU 14/22 Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 07.04.2022

Vedtak

Ekstra sak sendt på e- post 6.4.22. AU medlemmene var klar til å behandle denne. Saken blir tatt inn i sakskartet.
Eventuelt flyttes et hakk ned og får nytt saksnummer.

Ellers ingen merknad til innkalling og saksliste.

AU 15/22 Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar

Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 07.04.2022

Vedtak

Steinar Kyrvestad ble valgt til å skrive under møteprotokoll sammen med styreleder.

AU 16/22 Orienteringssaker

Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 07.04.2022

Orienteringssaker:

- Forvalter Jørn Haug orienterte om møte med Otteraaens Brugsforrening om utbygging i Øvre Otra. Forvalter skal lage et notat fra dette møte og sende til AU. Sekretariatet fikk i oppgave å sende en skriftlig henvendelse til klima- og miljødepartementet om et møte med en klar agenda om hvordan verneområdestyret skal forholde seg til kraftutbyggingsaker i fremtiden nå som presset er høyt på denne type saker.
- Forvalter Jørn Haug orienterte om møte med Agder Fylkeskommune om fylkesvei mellom Sirdal og Lyse angående brøyting av vintervei. Fylkeskommunen som er veieier ønsker å få i havn en avtale om brøyting av veien, slik det står i forvaltningsplanen. Sekretariatet utformer et forslag til avtale som sendes på høring og til slutt godkjennes av verneområdestyret.
- Forvalter Alf Odden orienterte om en forespørsel som er kommet fra Rogaland fylkeskommune om SVR kan delta i en prosjektgruppe for regional plan for Prekestolen og Lysefjorden. Sekretariatet har takket nei til å sitt i prosjektgruppa, men skal gi høringsuttalelser.
- Forvalter Alf Odden orienterte om vedtak fra NVE om åpning av revisjonssak for Røldal- Suldal.

AU 17/22 Søknad om bygging av platting ved hytte gnr. 48, bnr. 4 Gjuvasslega. Oddmund Haugen. Valle kommune.

Forvalters innstilling

Med heimel i *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde* kap. 4 pkt. 1.3 c, får Åsmund Haugen, gnr. 48, bnr. 4, løyve til å bygge ein platting på sør – vestre sida av hytta driftshytta på Gjuvasslega i Valle kommune. Maksimalt tillate storleik er 8 m². Maksimalt tillate høgde frå eksisterande terreng er 50 cm.

Med heimel i *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde* kap. 4 pkt. 1.1, vert det gjeven avslag på storleik ut over 8 m² og høgde 95 cm. slik det er søkt om.

Arbeidsutvalet legg vekt på at det ikkje er platting eller veranda på driftshytta frå tidlegare og at det bør vera eit visst opning for slik tilrettelegging av utearealet. For avslag på delar av søknaden legg arbeidsutvalet vekt på at ei vid opning for slike byggetiltak vil opne for ei mengde nye kvadratmeter byggetiltak i verneområdet, og med tilhøyrande transportbehov av materialar og utstyr. Ei redusert høgde til maksimalt 50 cm. vil gjere tiltaket mindre eksponert i landskapet.

Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 07.04.2022

Vedtak

Forvalters innstilling enstemmig vedtatt.

AU 18/22 Søknad om bruk av snøscooter til frakt av ved og lavvu. Gnr. 70, bnr. 4. Arne Holskog. Valle kommune

Forvalters innstilling


Med heimel i naturmangfoldlova § 48 får Helle camping v/Arne Holskog løyve til å nytte snøscooter til frakt av lavvu og ved til planlagt leir i eit område mellom Den flate heii og Hestheii i Valle kommune. Løyvet gjeld for ein snøscooter og inntil to turar i perioden f.o.m 8.4.2022 t.o.m 30.4.2022. Utgangspunktet for transporten er Hellersdalen eller Jarnsverk. Godkjend køyrerute går fram av kart i vedtaket. Løyvet vert gjeven med følgjande vilkår:

- Løyvet er berre gyldig saman med kommunalt løyve etter *Lov om motorferdsel i utmark*.
- Om transporten går over andre sin eigedom må innehavar av løyvet sjølv hente inn samtykke frå grunneigar
- Løyvet skal alltid vera med under transporten. Før kvar tur må loggskjema fyllast ut. Skjemaet skal alltid følgje løyvet.
- Om det vert oppdaga villrein under transporten skal transporten utsettast til faren for uroing av dyra ikkje lenger er til stade

Etter kap. IV pkt. 4 i *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkheiane landskapsvernområde* er det eit krav om at all ferdsel skal skje omsynsfullt for ikkje å skade natur- og kulturverdiar, forstyrre dyrelivet eller beitedyr eller vera til ulempe for andre. Med bakgrunn i denne bestemminga har tiltakshavar eit særskild ansvar for at leiren vert rigga på ein ryddig måte og at avfall vert frakta ut av området når sesongen er slutt.

Arbeidsutvalet legg vekt på at transporten er avgrensa til to turar og ei relativ kort køyrestrekning i verneområdet. Søkar driv ei reiselivsbedrift der guiding og overnatting vil kunne styrke driftsgrunnlaget. Løyvet vert førebels avgrensa til 2022. Før det evt. vert gjeven løyve for fleire sesongar, eller løyve til tilsvarande transport andre stader i verneområdet, ønskjer arbeidsutvalet å hauste erfaring frå den aktuelle saka. Om det skulle bli eit visst omfang av søknader knytt til same transportføremål andre stader, vil verneområdestyret vurdere praksisen på nytt.

Kart over godkjend transportrute, to alternativ (grøn line). Raud line er vernegrensa.



Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 07.04.2022

Behandling i møte:

Kulepunkt to må justeres fra at det skal innhentes grunneiers tillatelse til at det gjøres oppmerksom/oppfordring til at det innhentes grunneiers tillatelse.

Vedtak

Forvalters innstilling enstemmig vedtatt med endring i kulepunkt to.

AU 19/22 Søknad om preparering av skiløype mellom Bortelid og Pytten. Bortelid Fjellpark AS. Åseral og Bygland kommune.

Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 07.04.2022

Behandling i møte:

Ekstrasak sendt til AU på e post 6/4-22 ble behandlet tatt inn i sakskartet.

Vedtak

Forvalters innstilling enstemmig vedtatt.

Forvalters innstilling

Med heimel i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde kap. 4 pkt. 5.5 bokstav f, får Bortelid Fjellpark løyve til å nytte løypemaskin eller snøscooter til preparering av skiløype mellom Bortelid og Pytten i samband med Pytten-treffet. Løyvet gjeld dei to dagane 14. og 15. april 2022. Løypa skal følgje traseen slik det går fram av raud line på kartet i vedtaket. Løyvet vert gjeven med følgjande vilkår:

- Innehavar av løyvet må sjølv hente inn samtykke til preparering frå råka grunneigarar.
- Løyvet skal alltid vera med under preparering
- Om det vert oppdaga, eller kjem melding om, villrein innanfor ein radius på 1 km. Frå traseen skal denne ikkje preparerast. Om preparering alt har starta opp skal maskinen belte ut utan sporsettar nede. Forvaltningssekretariatet skal ha melding om slik situasjon oppstår.
- Køyning med løypemaskin eller snøscooter skal berre skje om det er nok snødekke til at maskinen ikkje sett spor i vegetasjonen.

Arbeidsutvalet legg vekt på at preparering av traseen gjeld eit svært kort tidsrom. Ved å tillate preparering vil meir av ferdsla bli samla i traseen. Traseen er del av Åseral kommune sin sti- og løypeplan. Verneområdestyret hadde ikkje innvendingar til traseen når dei i si tid ga innspel tilplanen.

Godkjend trase for preparering:



AU 20/22 Eventuelt

- Søknad fra Speidernes beredskapsgruppe om å bytte inn trase for kjentmannstur med en annen trase. De ber om et snarlig svar. Vernefaglig vil dette være positivt, men strider mot viktig prinsipp i øvingsplan. AU ber forvalter Guro Sødergren vurderer å gjøre et unntak i år hvis dette er tjener vernet. AU

presiserer at forvalter må vurdere arbeidskapasitet for å klare å gi en rask behandling.

- Inger Lise Lund Stulien ønsket å få vite om politiet er klar over at verneområdestyret har godkjent plassering av hovedhytta i Finndalen i Åseral kommune. Forvalter Guro Sødergren forklarer at dette er politiet kjent med.
- Ny møtedato er satt til 2 mai. 2022 kl. 08:00.